

Kvistgjengeren

Utgitt av Norsk kvistgjengerforening

Nr. 52, høst 2024, årgang 26



Norsk kvistgjengerforening

Norsk kvistgjengerforening er dannet for å kunne utvikle intuitive søkemetoder, lære og dele erfaringer. Foreningen skal også arbeide for å øke interessen for og kunnskapen om kvistgjengeri. Foreningen er politisk og religiøst uavhengig.

Vi bruker begrepet «kvistgjengeri» som samlebetegnelse for alle intuitive søkemetoder.

Hjemmeside: www.kvistgjenger.no

Styret

Leder

Gaute Hadland
Visteveien 30, 4071 Randaberg
Tlf.: 97 75 50 34
E-post: gahadland@online.no

Nestleder

Sissel Astrid Fuhre
Askveien 250, 3519 Hønefoss
Tlf.: 41 55 41 63
E-post: siss-fuh@online.no

Kasserer

Christian H. Kjellberg
Prost Holviks vei 30B, 1362 Hosle
Tlf.: 97 79 50 25
E-post: chkj@broadpark.no

Styremedlem

Kjell Arne Drag
Kisgruveveien 91, 3614 Kongsberg
Tlf.: 91 77 82 98
E-post: kjelarnd@online.no

Styremedlem

Marianne Lund Tverlid
Nils Huus gate 9A, 0482 Oslo
Tlf.: 95 05 17 20
E-post: mltverlid@gmail.com

Medlemsavgift

Hovedmedlem: kr. 300 per år
Familiemedlem (uten tidsskrift): kr. 110 per år.

Husk å melde adresseendring (post og e-post) ved flytting og endring.

Ikke medlem ennå?

Dersom du vil bli medlem, kan du melde deg inn på nettsiden vår, www.kvistgjenger.no. Dersom du ikke er på internett, kan du kontakte Christian H. Kjellberg
Prost Holviks vei 30B, 1362 Hosle
Tlf.: 97 70 50 25

Bankkonto: 1503 62 78258

Vipps-nr.: 21212

Organisasjonsnr.: 986 092 366

Bladet Kvistgjengeren

Bladet gis ut to ganger i året. Redaksjonen tar gjerne mot tips og stoff til bladet. Alt som har å gjøre med kvistgjengeri er interessant: korte og lange artikler, bilder, tips om oppslag i andre medier. Redaksjonen hjelper til med språkvask og tilrettelegging for trykking, selvsagt i samarbeid med bidragsyteren.

Frist for stoff til Kvistgjengeren nr. 53 er 1. februar 2025.

Redaktører

Sissel Astrid Fuhre
Tlf.: 41 55 41 63
E-post: siss-fuh@online.no

Ingebjørg Rivedal

Tlf.: 91 58 93 99
E-post: inriveda@online.no

Forsidefoto: Åsne Hoff Hadland: Perlemorsky over Stavanger 22. desember 2023

Opplag 200 eks.

Grafisk setting i skrifttypen Book Antiqua ved Ingebjørg Rivedal
Trykking: HG media AS, 1351 Rud

Innhold

	Side
Redaktørene har ordet	3
Temaer fra årsmøtehelga i Vikersund	
Sissel A. Fuhre: Pendling – et nyttig hjelpemiddel i hverdagen	4
I. Rivedal og M. L. Tverlid: Hildur Veia om traumebehandling	8
I. Rivedal: Are Thoresen om å sjå og å transformere	10
I. Rivedal: Terje Nordkvelle om manifestering	11
Borgny G. Husby: Med ønskekvist gjennom livet	12
Trond Jacobsen: Telluriske strømmar, andre del	14
Ingebjørg Rivedal: Uvanlege evner, tredje del	18

Redaktørane har ordet

Første halvdel av dette nummeret har artiklar frå årsmøtehelga: ei oppfrisking av minnet for dei som var der, og nytt stoff for dei som ikkje var der. Årsmøtet og kurset samla 22 personar som fekk ein variert foredragsmeny. På menyen hjå Tyrifjord Hotell stod nydelege måltid, og praten rundt borda gjekk livleg om intuitive søkemetodar og nærliggande tema. Kvistgjengarar som er åleine eller få i sitt lokalmiljø kunne glede seg over å vera i eit miljø der det er normalt å ta fram ein pendel eller ein søkevinkel. Denne sida av arrangementet må ikkje undervurderast.

Siste halvdel av bladet byr på blanda tema. Me håpar at bladet kan gje lesarane nye idear til ettertanke og inspirasjon til å praktisere kvistgjengeri!

I år er det 25 år sidan Norsk Kvistgjengerforening vart stifta, og bladet er inne i sin 26. årgang. Foreininga har overlevd og er livskraftig, trass i at medlemstalet aldri har vore over 170. Det har betydd mykje for mange å treffe likesinna ved fysiske møte i foreininga og gjennom medlemsbladet. Foreininga har teke opp mange ulike tema på årsmøte-samlingane og i medlemsbladet. Det er framleis tema å ta tak i i åra framover!

Me er nokså få medlemmer i Noreg, og det finst truleg mange som kunne hatt glede og nytte av å vera medlem. Korleis kan Norsk Kvistgjengerforening bli betre kjend blant desse?

Om me er få i Noreg, så er det fleire organiserte kvistgjengarar i andre land. Redaktørane var i september på haustmøte i den svenske foreininga, Svenska Slagruteförbundet. Me møtte hyggelege menneske som var opptekne av det same som oss, men av og til med litt anna vinkling. Det er lett å ha kontakt med svenske kvistgjengarar; dei er gode naboar og me forstår språket.

Det vil koma litt stoff frå Sverige i vårnummeret. Der vil me også i fleire artiklar ta opp det å søke etter sakna personar og dyr, og me skal avslutte serien om folk med uvanlege evner.

Marianne Lund Tverlid har gått ut av redaksjonen, og me takkar henne for stor og god arbeidsinnsats og mange konstruktive innspel. Ingebjørg Rivedal held fram som ein av to redaktørar saman med Sissel Astrid Fuhre som stiller opp for dette nummeret. Ingebjørg treng ein ny redaktørkollega «å spele ball med» til seinare nummer. Det er lærerikt og interessant å arbeide med Kvistgjengeren!



Pendling- et nyttig hjelpemiddel i hverdagen

Sissel A. Fuhre

Innlegg fra årsmøtehelgen, litt bearbeidet.

Hvem er det vi henvender oss til når vi ber om svar? Hvor kommer informasjonen fra? Fra Gud, universet, «vårt høyere selv», er noen av teoriene. En av fysikerne som var med på å utvikle kvantefysikken i vitenskapen var Max Planck. I 1944 kom han med dette utsagnet basert på sin forskning: «All materie stammer fra og eksisterer kun på grunn av en kraft og vi må anta at bak denne kraften eksisterer det en bevisst og intelligent bevissthet. Kvantefysikken beskriver et universelt energifelt som binder sammen alt i vår verden.»

For meg gir dette en perfekt forklaring på hva som skjer når vi som kvistgjengere søker etter svar; vi logger oss på det universelle energifeltet som binder alt sammen.

Men iblant får vi ikke riktige svar på det vi spør om, og det kan det være mange forskjellige grunner til. Vitenskapelige forsøk har ikke gitt overbevisende resultater, og det har heller ikke tester vi har hatt på årsmøtet. Jeg tror at selve testsituasjonen med mange tilstede byr på mer eller mindre stress, med uro og forstyrrende energier. Det fremmer ikke den ro og konsentrasjon som trengs for å få gode resultater. Sist gang vi hadde en slik test fikk deltakerne ta testen på et eget rom for å skjerme for forstyrrelser og påvirkning fra andre. Testen gikk på å måle på pakker med brødsriver, hvor sunt det ville være å spise de forskjellige. Det var sunt hjemmebakt brød, billigste kjøpebrød og brød som var grønt av mugg. Likevel ble det ikke noen klar bedring av resultatet, og flere fikk at det mugne brødet var best for dem å spise.

Forhold som kan bidra til at vi får riktige svar
Kropp og sinn er instrumentet vi bruker når vi spør om svar, og da er det veldig viktig at vi er så fininnstilt som mulig.

Her kommer noen tips som kan hjelpe til med dette:

- Hva forteller du deg selv? Er du selv-kritisk og ikke stoler på deg selv er det et dårlig utgangspunkt; du må stole på pendlingen
- Ha en klar intensjon om det du ønsker å finne ut av
- Still et enkelt spørsmål der svaret blir ja eller nei
- Nullstill deg, og vær åpen og avspent både i kropp og sinn
- Kroppen: Senk skuldrene, flytt oppmerksomheten til hendene, til magen, glatt pannen, slipp kjeven
- Lukk øynene og fokuser litt på pusten for å komme i en lett meditativ tilstand

Jeg går jo ikke bevisst gjennom denne prosedyren når jeg spør om noe, men det er viktig å koble ut dagsbevisstheten; vår normale bevissthetstilstand. Vi vet at den hovedsakelig styres av venstre hjernehalvdel med aktiv, mental tilstedeværelse, og fornuft og logikk. Da er vi «på hugget», og Beta hjernebølger er dominerende. De har de raskeste svingningene og egner seg dårlig når vi jobber med pendel eller søkevinkler. Vi bør over på høyre hjernehalvdel, som blant annet har med følelser, kreativitet og intuisjon å gjøre. Da bør vi roe ned slik at hjernesvingningene i størst mulig grad går over til alfabølger. De aktiveres ved en våken og avslappet tilstedeværelse, når vi tar tar pause, sitter og reflekterer, tar en rusletur eller mediterer. (Se også punktene over). Da kan du

få kontakt med underbevisstheden. Det får du også når du driver med aktiviteter som å kjøre bil, jogge, gå og sykle. Da kan hjernebølgene senkes til theta fordi det du gjør er så innarbeidet at du gjør det automatisk, og hjernekapasitet kan frigjøres til å skape nye forbindelser. Det er alltid en kombinasjon av hjernebølger i våken tilstand, men én er dominerende.

Tilbake til tankens kraft. Tenk deg en stor sitron som du deler i to med en kniv. Du deler igjen og tar en stor båt sitron og putter i munnen. Hva skjer? Noe tydeligere bevis på tankens kraft vet jeg ikke!

Stol på deg selv og svarene du får når du bruker søkeredskap, men stol ikke blindt på svarene du får.

Jeg spør ofte om jeg fikk riktig svar, og iblant er svaret nei. Det kan det være mange grunner til.

Noen sjekkpunkter:

Er jeg på en nøytral plass uten forstyrrelser?

Kan jeg/får jeg/bør jeg spørre? Jeg spør bare «Kan jeg...» og tenker at det dekker alternativene, og i det ligger også kan jeg spørre nå?

Er du følelsesmessig engasjert i det du spør om, og har et sterkt ønske om et spesielt svar, er det ganske stor sjanse for at du ubevisst påvirker svaret. Det samme gjelder om du har en klar forventning til svaret.


Så er det etiske grenser for hva en kan spørre om, for eksempel at noen ber deg spørre om andre. Men her vil du få nei når du spør om du kan spørre om det.

Hvordan stille spørsmål

Spørsmålet må være klart og entydig og lede til svaret JA eller NEI.

Det må være et presist spørsmål; det er ikke presist nok hvis jeg for eksempel spør om en matvare er bra for meg. På hvilken måte bra; tåler jeg produktet, liker jeg smaken, høyner det min nytelse og mitt humør, bidrar det med positiv næring for meg?

Hvis svaret er JA, bør jeg gå videre og stille neste spørsmål; hvor positivt er det for meg på en skala fra 0 til 100? Da er 0 horisontalt til venstre og 100 til høyre, og jeg må spørre meg fram til riktig prosent ut fra vinkelen i forhold til den horisontale linjen. Å finne fram til graden av verdi på det du sjekker er viktig informasjon å få.



created with Subtil.net

Et eksempel på en skala fra 0 til 100, laget med en mal fra subtil.net

Noen eksempler på hvordan jeg bruker pendelen

Jeg bruker pendelen stort sett hver dag, og ofte flere ganger per dag. Jeg har hatt en del helseutfordringer av forskjellige slag og slitt med lite energi i mange år. Selvfølgelig kjenner jeg på energinivået, men jeg måler det også med pendelen. Jeg har gått hos en veldig dyktig behandler i mange år, og hun starter timen med å måle energinivået mitt med pendel. I hele denne tiden har vi, med et par unntak, fått akkurat samme tall. Jeg har målt på forhånd, og har jeg for eksempel fått 62%, har hun fått det samme. Det kjennes betryggende å få bekreftelse på at vi måler likt.

Nå har jeg fått en diagnose som gjør at jeg går på en streng diett med råd om hva jeg skal, og ikke skal spise. Selvfølgelig er det ingen fullstendig liste, og da pendler jeg på produkter når jeg skal handle. Det er veldig nyttig, fordi jeg får informasjon og veiledning som ellers hadde vært nesten umulig å finne ut av.

Eksempler på andre forhold jeg pendler på

- Jeg spør om det passer å ringe til en person nå. Får jeg NEI spør jeg ofte neste gang om han eller hun var opptatt, for å sjekke svaret jeg fikk.
- Når jeg skal finne en gave og har flere ting å velge mellom, spør jeg først om gaven vil falle i smak. Så sammenligner jeg gavene ved å spørre i hvilken grad vil hun like alternativ 1, 2 og 3, og velger selvfølgelig den som får høyest score.
- På Vinmonopolet pendler jeg på hvilken vin jeg skal velge, ut fra min smak. (Det overrasker meg at økologiske viner ikke får særlig godt resultat). Søstre mine ble letttere sjokkert da jeg åpent brukte pendelen på Systembolaget i Arvika
- Når kommer ...? Jeg ventet på ny komfyr, og fikk beskjed om at de ville komme med den mellom klokka 10 og 20 dagen etter. Jeg spurte med pendelen om de ville komme mellom 10 og 11 og fikk NEI, og samme svar på mellom 11 og 12. Så fikk jeg JA på mellom 12 og 13, og de kom med komfyren 12.15. Kjekt å vite, i forhold til å gå og vente i timesvis! Men det er ikke alltid full klaff. Ikke lenge

etter fikk jeg feil svar på et lignende spørsmål, viste det seg.

- Vil bensinen være like billig på hjemvei? Dette spørsmålet spurte jeg da jeg skulle et sted og hadde dårlig tid. Jeg fikk NEI, og dermed svingte jeg inn på bensinstasjonen og fylte tanken. Selvfølgelig sjekket jeg prisen på hjemveien, og den hadde steget med mange kroner.
- Vil de komme i helgen? Det var noen som ringte og sa at de ville komme innom for noen timer på vei fra Stavanger til Oslo. Jeg fikk en følelse av at de ikke kom til å komme, og fikk NEI da jeg brukte pendelen. Dermed lot jeg være å gjøre innkjøp og forberede noe. De ga ikke beskjed om at de ikke kom, men det var greit fordi jeg ikke ventet på dem.
- Når jeg lager mat spør jeg om hvor mye jeg skal lage; er dette nok? Jeg kan også spørre om maten er nok stekt eller kokt.

Pendling på vann

På årsmøtet pendlet jeg også på kvaliteten på vann; ett glass vann ble tappet fra springen, et annet sto på et kort fra Masaru Emotos bok om vann. I boken, som på norsk heter «Vannets tidløse visdom», viser han hvordan han frøs



Foto av krystallet Love and Thanks

vann og hvordan iskrystallene ble seende ut når de ble utsatt for et negativt eller et positivt budskap som var festet på glasset. Med boken fulgte det med kort som hadde tekst på den ene siden og bilde av iskrystallet på den andre siden. Jeg valgte kortet Love and Thanks og la bildet av iskrystallen under vannglasset. Så pendlet jeg på kvaliteten/frekvensen på vannet i glassene. Jeg fikk 65% på det rett fra springen og 76% på det som sto på bildet av krystallet. I neste steg ba jeg inni meg om velsignelse av vannet rett fra springen, og da viste pendelen 100%. Og det vannet virker bløtere og smaker bedre.

Jeg ber også om velsignelse av maten jeg spiser. Maten smaker bedre, og jeg tror at næringsstoffene i maten virker bedre.

Pendling og healing

Når vi pendler eller bruker søkevinkler, tror jeg vi kan si at hovedmålet er å undersøke og kartlegge forhold. Vi stiller JA/NEI- spørsmål oftest for å finne fram til skadelige energier som vi så behandler og fjerner.

Den australske kvistgjengeren og redaktøren Heather Wilks og hennes bok «Dowsing Heals», (Pendling helbreder) er omtalt i bladet vårt, (i nummer 46 og 47). Hun bruker pendling som del av sin healervirksomhet. Hun skriver: «Hvordan pendle for å gi deg selv healing, gi til andre og til dyr. Oppdag hvordan du kan transformere forhold, situasjoner, til og med været». Hun skriver at kvistgjengerforeningen hun er med i har gode resultater ved ekstrem tørke og branner ved å kontakte regnets naturvesen og be om hjelp. Jamfør naturfolks regndans.

Hun forklarer framgangsmåten hun bruker for å transformere forhold slik:

- Begynn med å konsentrere deg om formålet med pendlingen; hva er ønsket resultat
- Start pendelen i nei-modus med fokus på å fjerne det som er uønsket. For eksempel kan det være å fjerne sjelefragment eller negativ påvirkning fra en person eller et sted og sende energiene til den andre siden, til lyset

- Vent til pendelen stopper av seg selv
- Start den så i ja-modus og send uforbeholden kjærlighet for å fylle tomrommet
- Vent til pendelen stopper av seg selv

Jeg gjorde i en periode en enkel øvelse hun beskriver. Spør først: Er jeg i polaritet? Får du NEI, følger du framgangsmåten over. (Heather Wilks bruker ordet polaritet; med det mener hun om kroppen er i balanse). Etter at pendelen har jobbet seg ferdig, gjør det samme med spørsmålet om du er i balanse med jordas energi. Denne øvelsen fungerte godt for meg; jeg merket forskjell ved at jeg følte meg roligere og mer samlet etter øvelsen. Etter en tid trengte jeg ikke gjøre øvelsen mer.

Heather Wilks sin bok heter jo «Pendling helbreder». Da er spørsmålet om det er pendlingssvingningene som renses og transformerer, eller om de bare registrerer prosessen som foregår? Uansett tror jeg på at intensjonen som ligger til grunn, er vesentlig i alt kvistgjengerarbeid.



Årsmøtehelgen ble det pendlet og diskutert rundt matbordet, kanskje inspirert av Sissels innlegg. Fra venstre: Margot Irene Skappel og Arild Skappel. Foto: Ingebjørg Rivedal

Hildur Vea om traumebehandling

I. Rivedal og M. L. Tverlid

Hildur driv sitt eige behandlingssenter og føler ho har den beste jobben i verda! Her kjem ei oppsummering av det ho fortalde i årsmøtehelga.

Hildur Vea er sjukepleiar, psykoterapeut og har doktorgrad i folkehelsevitenskap. Ho har også mange andre utdanningar og kurs innanfor psykoterapi; dei fleste tok ho etter at ho «møtte veggen» i 2006. Ho driv no Sofiasenteret på Karmøy der ho hjelper folk som slit med kriser, traume og helseplager.

Årsaker til helseplager

Eit av dei faglege utgangspunkta for Hildur er at alle symptom og sjukdomar har ei naturleg forklaring. Årsaka til helseplager blir uttrykt gjennom symptoma. Traumer løyser seg ikkje opp av seg sjølv, og ein må løyse opp i årsaka for å bli kvitt plagene. Hildur arbeider seg bakover i tid saman med klienten for å finne dei djupareliggande årsakene.

For mange av klientane hennar viser det seg at notidige livskriser triggar gammal smerte, noko som fører til at nedturen no blir ekstra kraftig. Anerkjent («gullstandard») forskning viser samanheng mellom uløyste traume frå barn- domen og mange typar sjukdom og helseplager i vaksen alder; som hjartesyjukdom, kols, kreft, skjelettsjukdom og leversjukdom. Den same studien viste ikkje samanheng til hjerneslag og diabetes. Anna forskning viste samanheng mellom kreft og vanskelege opplevingar i forkant av kreftsyjukdomen.

Ei av dei viktige oppdagingane i Hildurs liv var at vi har to ulike bevisstheiter knytte til dei to hjernehalvdelenane våre: høgre hjerne-bevisstheita og venste hjerne-bevisstheita. Det er avgjerande viktig å skilje mellom dei to når ein vil hjelpe seg sjølv tilbake til helse etter sjukdom.

Venstre hjerne-bevisstheit kan berre produsere det vi alt veit, høgre hjerne-bevisstheit er den delen som ser nye moglegheiter. Sagt forenkla er

vi i venstre hjerne-bevisstheita når vi er i tankane, og i høgre hjerne-bevisstheita når vi er i kroppens og følelsanes verden. Nesten alltid er det fortrenge følelsar som er ein del av hovud- årsaka til vanskane våre, og vi må då inn i underbevisstheita vår (høgre hjerne-bevisstheita), for å finne denne. Vi kan ikkje løyse opp årsaka før vi veit kva det er. Eit viktig bidrag i Hildur sin terapi er derfor å lære klientane forskjellen på bevisstheitene våre, og å lære dei korleis dei sjølv kan forløyse egne plager.

Mange metodar for å finne årsaker

For å få fram årsakene til klientens no-situasjon brukar Hildur fleire metodar: Systemisk samtale er ein prosess som har som mål å løyse opp i det som er fortrenge eller blokkert. Mellom anna får ho klienten til å stå på papiersolar (bokmål: papiersåler) i ulike fargar for å oppleve resonans og kjenne på kva som skjer i kroppen deira (sjå foto på neste side). Både klienten og Hildur kjenner på kva som skjer. Kroppens reaksjonar viser kva som er sant. Når sanning blir uttrykt fell kroppen til ro, og plager løyser seg opp.

Ho kan bruke ein fingertest (med ja- eller nei-svar, også kalla kinesologi) for å finne ut når det gamle traumet oppstod. Ho kan bruke søkevinklar, for eksempel til å få svar på spørsmål om noko er sant eller ikkje, eller for å ta ut andre personars energiar som klienten ber på. Det siste er aktuelt ved generasjonstraume, eller dersom ein ber på energiar frå ukjende menneske. Andre gonger stolar ho på intuisjonen sin utan å bruke søkereiskap.

Overfor klientane brukar ho ordet «snakke-pinnar» i staden for «søkevinklar». Det er eit

mindre skummelt ord og fungerer bra. Ho har slite ut tre par søkeviklar og har nyleg kjøpt sitt fjerde par!

Målet er at ho saman med klienten nøstar seg fram til årsaka til dagens plager. Ved å nøste opp i ting, blir dei kjent med seg sjølv. Målet er å bli autentisk. Hildur kallar dette for Trygg kjerne-modell: Ein skal bli kjent med seg sjølv, integrere egne erfaringar og bli autentisk. Mange kundar har ikkje kontakt med ein trygg kjerne i seg sjølv; dei kan vere usikre på kven dei er og kva dei vil, kan lett blande eige og andres liv og problem, kan vere konfliktsky, eller vere oppgitte og deprimerte.

Arva og overtekne plager

Hildur arbeider også ut frå at vi kan ha sjukdomar og tankemønster som ikkje er våre egne, men som er arva eller overtekne frå andre. I tillegg til ei personleg sjel er vi også tilknytte ei familiesjel. Ubalanse i familiesjela søker balanse på same måte som våre egne ubalansar søker balanse. Det rare er at familiesjela overstyrer den personlege sjela vår. Derfor kan vi vere berar av andres energi utan at vi sjølv er klar over det.

Ulike metodar for å hjelpe

For å hjelpe klientane vidare brukar ho mellom anna BalanZe-metoden der ein ikkje snakkar, men legg hendene på bestemte stader på klientens kropp. Dette regulerer nervesystemet og er ei utveksling av energi. Klienten kjem i ein tilstand der dei har theta hjernebølger; det er ein tilstand der kroppen er best i stand til å helbrede seg sjølv. Dette er ikkje healing, men «tilstedeværelse». Ho tilbyr BalanZe til både barn og vaksne.

Nettside: www.sofiasenteret.no.

Forslag til ein film om generasjonstraumer:

YouTube: Mark Wolynn: «It didn't start with You». Filmen varer vel 30 min

<https://www.youtube.com/watch?v=YqBhAgqZGSU&t=5s>



Hildur med fargemarkørane ho brukar.
Foto: Marianne L. Tverlid.

Ein annan teknikk ho brukar er å gå inn som representant i klientens arbeid. Ein kan vere representant for personar, situasjonar og følelsar. I workshops opplever ein nytten av det å bruke representantar, fordi ein får fram skjulte dynamikkar når ein kan sjå «ulike energi» i forhold til kvarandre. Ei anna viktig læring ved workshops er at her kan deltakarar lære å vere representant. På denne måten får dei også større kontakt med seg sjølv. Det er kjekt både å vere representant og å sjå på **andres arbeid**. I tillegg til at det er interessant, sit latteren laust. Dei ler mykje på workshops.

Hildur demonstrerte for oss at ho representerte ein av tilhøyrarane: Ho gjekk ut i gangen og markerte at ho gjekk inn i vedkomandes energi ved å gå over dørstokken inn til oss. Vi såg at ho gjekk rundt med tunge skritt og pusta tungt. I etterkant fekk Hildur bekreftelse frå deltakaren om at det ho tok inn, stemte.

Are Thoresen om å sjå og å transformere

I. Rivedal

«Hva er jordstråler?» var tittelen på Are Thoresens foredrag årsmøtehelga. Han er oppteken av at me bør lære oss å sjå jordstråler og anna som ein ikkje ser med det vanlege synet. Jordstråler og sjukdom må behandlast ved å transformere (forvandle), ikkje ved å flytte på strålinga og plagene.

Sjå det usynlege

Sidan Are var i femårsalderen gjekk han inn i ein tilstand der han kom inn i elementarverda, og der observerte han ting som han ikkje kunne sjå i den normale fysiske verda. Elementarverda er ei spirituell verd. Elementarvesen er i jordstråler, ting og levande vesen. Desse begrepa blir brukte i antroposofien (Are er antroposof).

For å øve seg i dette tilrådde Are å sjå på ein ting; ein blyant eller kva som helst anna. Ein må prøve å «gå ut av seg sjølv» og «forsvinne inn i tingen». Are fortalde at ein vil kunne sjå elementarvesenet i tingen: Det fyrste ein ser er at alt bevegar seg, så ser ein eit auge, så ansiktet, og seinare heile vesenet. Då kan ein kommunisere med elementarvesenet og be det virke positivt.

Dette bør ein trene på i ca. 10 minutt to til tre gonger dagleg i lengre tid. Det er viktig å ikkje setja begrep/ord på observasjonane, for då dett ein ut av den mentale tilstanden og prosessen stoppar opp.

Transformere, ikkje transløkere

Are meiner at «vanlege» tiltak for å fjerne jordstråling inneber å flytte strålinga slik at det plagar nokon andre. «Jordstråling» blir brukt som samlebegrep for vassårer, Hartmannlinjer, Currylinjer og liknande.

Det er på same måte med sjukdom: behandling flytter som oftast sjukdomen eller plaga til ein annan person i nærleiken, behandlaren sjølv, eit dyr, eller ei plante.

Slik flytting kallar Are for transløkasjon, og det er ikkje ei god og varig løysing. Han forstår det slik at det er elementarvesenet i jordstrålinga

eller i sjukdomen som flytter seg. Han ville ikkje drive på med transløkasjon lenger, og fann ein metode for å transformere (forvandle, omforme).

Kjernen i denne metoden er «å opne opp i midten» av jordstrålinga eller det sjuke og invitere Kristuskrafta inn. Det hjelper ikkje å nemne Allah, Buddha, «lyset» eller liknande, det er berre Kristus som har effekt. Etter denne behandlinga kan ikkje elementarvesena framkalle sjukdom; dei virkar tvert om positivt på menneska. Og ein gjer elementarvesena ei teneste ved å behandle dei.



Are Thoresen. Foto: I. Rivedal

Lesestoff

I Kvistgjengeren nummer 48, side 16-18; er det referat frå eit kurs Are heldt på haustmøtet i 2022. Der kom han inn på mykje av det same.

Are nemnde denne boka i foredraget sitt: Are Simeon Thoresen: Fading and Merging: an overlooked aspect of medicine, life and spirituality, Second updated version 2024. Kan kjøpast på amazon.com.

Terje Nordkvelle om manifestering

I. Rivedal

Terje Nordkvelle har prøvd ut kva som kan skje med tankens kraft, og delte nokre av erfaringane årsmøtehelga.

Ordboka definerer manifestering som det å legge for dagen, openberre, vise seg, ytre seg. Dei siste åra er ordet mykje brukt med ei utvida tyding: at ein med mental og følelsmessig innsats saman med handling kan oppnå det ein ynskjer og drøyer om.

Terje viste til at tankens kraft mellom anna viser seg i placebo-effekten; folk kan bli friske når dei trur dei har fått medisin, sjølv om dei har fått medisin utan virkestoff.

Eit av eksempla som Terje viste oss var ein video med han sjølv i ein skog med livleg fuglesong. Han publiserer videoane til eit internasjonalt publikum og snakka engelsk: «Let the birds be quiet» (la fuglane bli stille). Fuglesongen stilna! Var det tilfeldig? Han bad så fuglane om unnskyldning for at han hadde forstyrra.

Han har også lykkast med å fjerne eigen kvalme ved å ha intensjon om det.

Intensjon, bøn og takk

Terje gjer det slik at han startar med å seia høgt at «Min intensjon er ...», og ber så universet om hjelp til manifestasjonen: «... og det er fint dersom dere kan hjelpe meg». Når han seier dette bøyer han hovudet lett bakover og snakkar «oppover til universet». Han snakkar til universet som ein likeverdig, ikkje som ein underdanig med bøyd hovud.

Dersom det går som Terje ber om, er det viktig for han å takke. Han er klar over at svar kan koma på uventa måtar. Han prøver også å takke for vakre ting han ser utan å ha bede om det.

Vellykka og mislykka forsøk

Terje viste oss ei liste der han hadde notert forsøka sine. Nokre av dei var merkte med at dei var vellykka, andre med at dei ikkje lykkast. For eksempel var det vanskeleg å få regn til å stoppe umiddelbart. No ber han heller om at regnet skal slutte om ein time. På tilsvarende måte ber han om at han skal finne ledig parkeringsplass ein time før han reknar med å koma fram dit han vil parkere.

Aktuelt for fleire

Ein av tilhøyrarane fortalde at ho ber om hjelp til å koma trygt fram når ho skal ut på biltur, og at ho takkar når ho er velberga framme. Ein annan tilhøyrar sa at det er lurt å be om å få varsel dersom det er dyr i vegen framfor ein (og bak ein sving).

Terje oppfordra oss til å prøve sjølv; ein kan oppleve at ein har større kraft enn ein trur.



Terje viste videoar av nokre av eksempla sine.
Foto: Ingebjørg Rivedal



Med ønskevist gjennom livet

Borgny G. Husby

Jeg har fått noen nummer av Kvistgjengeren fra 2022 og 2023 gjennom en slektning av mannen min. Der leste jeg om kvistgjengeri og mye annet. Da jeg leste om avmagnetisering og stråling under hus, fikk jeg lyst til å skrive om hvordan jeg gjør det.

Jeg har gått med ønskevisten siden jeg var barn, for jeg hadde en mor og en onkel som var flink med den.

Da jeg flyttet hit på gården til mannen min i 1966, så visste jeg at hans mor døde av brystkreft da ho var 50 år. Da vi skulle ligge på omtrent samme soverom som ho, så ville jeg undersøke om det var ei vannåre under huset der. Det viste det seg at det var, og så tok jeg kontakt med en sørfra. Jeg gjorde som han sa, og skjermet.

Da vi flyttet til kårenden av huset i 2018, så kjente jeg at jeg lå på ei vannåre. For da vil ikke kroppen slappe helt av, det er som en vibrerer. Jeg kjenner det når jeg sitter over ei vannåre, for da blir jeg så stiv etter å ha sittet der en stund. Likeens blir jeg stiv etter å ha sittet i en elbil i noen mil for da er jeg stiv når jeg går ut av den. Jeg tror kanskje at det ikke er like mye stråling i alle elbilmerkene, for det har jeg ikke funnet ut enda.

Jeg har blitt mere og mere sikker på at jordstråling er en av årsakene til kreft. Jeg ser bare rundt her jeg bor, der de har kreft eller har hatt kreft, så er det stråling under huset. Det finnes unntak der de har røkt mye og levd veldig usunt, eller vært utsatt for giftstoffer i arbeidet eller andre ting.

Jeg var til en dame som ikke bor langt i fra meg, der begge foreldrene døde i kreft. Det viste seg at det gikk to vannårer i fronten av huset og ei på enden, så det var nesten ikke en flekk i huset

som var uten vannåre. Jeg spurte pendelen hvor mange bøylere jeg skulle legge ned for hver åre.

Det var faren hennes som hadde bygd huset. Vi fikk lyst til å sjekke der gammelhuset hadde stått, men der var det ikke noen vannårer eller stråling. Kanskje hadde de sjekket det før de bygde huset den gangen.

Jeg har også ei historie om et eldre ektepar på en gård i Lensvika, som ikke klarte å sove hjemme. De reiste på hytta og låg, som ikke var langt fra hjemmet deres. Med hjelp av hans søster så fann de ut at det var feil på en strømkabel på gressplena. Hun var veldig flink til å finne strømfeil med vinkelpinner eller ønskevist. Så e-verket ble kontaktet, men de trodde kanskje ikke på ho. Grav! sa ho, og der var feilen på strømkabelen.

Ekteparet hadde også klaget til e-verket om at isolatorene på kraftlina ovenfor huset var slitte. Det hadde e-verket ikke noe tru på. Ekteparet kontaktet meg, og vi ble enige om å skjerme for strålinga fra kraftlina. Jeg spurte pendelen hvor mange kobberbøylere jeg skulle sette ned. Etter skjerminga kunne de sove i senga si.

